

BARNEHAGENYTT



Informasjonsbrev for Harøy barnehage mai 2010

17.mai:

Tradisjon tru stiller barnehagen med fane i folketogt frå Steinshamn. Vi har ei fane for alle avdelingane Nøtteliten, Myklebust og avdelingane på Huse

Alle barnehagebarna med familie er velkomne til å gå.

Personalet ved Harøy barnehage ber fana og dei eldste i barnehagen (6-åringane) bytter på å halde dei to duskane på sidene.

Fotografering:

Olgunn Oksavik kjem i Harøy barnehage torsdag 3.juni for å ta portrettbilete av alle barna. Ho kjem til å starte på Myklebust, deretter på Huse. Barn på Nøtteliten som skal ta portrettbilete skal også vere på Huse.

Gruppebilete blir tatt av avdelingane krabben, kråkebollen og sjøstjerna.

Meir info. om organisering kjem seinare.

Foreldremøte

Foreldremøte vil bli onsdag 26.mai kl 20.00 i allrommet i Sandøyhagen, innkalling vil bli sendt ut seinare.

Sommarfest:

I veke 23 vil vi arrangere sommarfest i Harøy barnehage, da samlar vi alle fem avdelingane på Huse, invitasjon kjem seinare.

Sommarbarnehagen:

I år vil småbarnsavdelingane(Myklebust og Nøtteliten) bli samanslått, og halde til i lokala på Myklebust frå veke 27-32.

I vekene 28-31 vil vi slå saman personale og barnegruppene på Huse, fordelinga blir slik: Sjøstjerna og dei eldste på kråkebollen vil vere ilag, og krabben og dei yngste på kråkebollen vil vere ilag.

Eige skriv til Kråkebollen vil bli sendt ut om kva avdeling dei skal gå på.

Dugnad:

Elles vil eg takke alle som deltok på dugnaden vår laurdag 8.mai, der vi fekk ordna hekken vår og fylt på med sand ved dissene og klatrestativet.

Det står att to dugnadsjobber som vi vil ta på ein ettermiddag etter 17. mai, det er nedvask av grillhytta og måling av blåbåten. Er det nokon som vil vere med på dette gje meg beskjed ☺

Harøy 11.05.2010
Karin Breivik Grytten